

Einer ”Sprake” (*Juniperus communis*)

Kan brukast til utallige føremål

	<h3>KVIFOR VAR EINE SÅ MYKJE BRUKT?</h3> <p>Eineren har vore brukt til svært mange føremål. Dette kjem av at eineren har spesielle eigenskapar:</p> <ul style="list-style-type: none">➤ Veden er svært seig og rotnar seint➤ Busken inneheld mange kjemiske stoff➤ Einer finst over heile landet <p>Det er dokumentert 90 ulike bruksområde av einer i Noreg!</p> <p>Busken er utan tvil den planta som har vore den mest brukte opp gjennom tidene.</p>	<h3>DØME PÅ BRUKSOMRÅDE</h3> <ul style="list-style-type: none">➤ Einelåg til reingjering og til badevatn➤ Heile buskar som kledning på vegg➤ Staur til gjerdemateriale➤ Materiale til ulike reiskapar➤ Røter til surring, binding og fletting➤ Til brensel➤ Til medisin➤ Til vern mot underjordiske➤ Til middel mot mus➤ Til krydder➤ Til røyking av mat➤ Til snop (trek med sukker og fløyte)
<h3>KVA ER EIT KLUMSEKORN?</h3> <p>Sjå nr. 9 på teikninga. Prøv å finna eit klumsekorn, opna det og leit etter egget!</p>		